



## Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	30/22	16.06.2022

### N - Kommunedelplan Treungen sentrum- Rullering - Fastsetjing av planprogram

#### Vedlegg:

- Høyringsutkast Planprogram, godkjent i formannskapet, sak 027/22, dat. 17.03.22.
- Utredning Tveitsund bru, Statens vegvesen, dat. 07.12.20.
- Brev om faktafeil, Nk, dat. 16.05.22.
- Høyringsuttale, Nissedal KrF, dat. 10.05.22.
- Høyringsuttale, Kjell Asbjørn Solberg AS, dat. 18.05.22.
- Høyringsuttale, Mattilsynet, dat. 19.05.22
- Høyringsuttale, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, dat. 23.05.22.
- Høyringsuttale, Peter Holskar, dat. 23.05.22.
- Høyringsuttale, Asbjørn og Nottov Homme, dat. 23.05.22.
- Høyringsuttale, Vestfold og Telemark fylkeskommune, dat. 24.05.22.
- Høyringsuttale, NVE, dat. 24.05.22.
- Høyringsuttale, Statens vegvesen, dat. 25.05.22.

#### Fakta i saka:

Kommunestyret vedtok 06.05.21 (sak 034/21) dokumentet *Kommunal planstrategi 2021-23*. Her blei det m.a. bestemt at kommunedelplanen for Treungen sentrum skal rullerast i denne perioden. I handlingsprogrammet for 2022-2025 er dette fylgd opp som eit prioritert tiltak med oppstart i 2022. Plan- og bygningslova (pbl) seier at det ved ei slik rullering må utarbeidast eit planprogram, at forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggst ut til offentleg ettersyn, og at endeleg planprogram skal fastsetjast av kommunestyret, jf. pbl § 11-13.

I formannskapsmøtet 17.03.22. (sak 027/22) blei det vedtatt å legge eit framlagt forslag til planprogram ut til offentleg ettersyn, og sende det på høyring. Høyringsfristen blei sett til 23.05.22.

Samstundes med at planprogrammet blei lagt ut til offentleg ettersyn/sendt på høyring, blei det også varsla oppstart av sjølv planarbeidet med ein lik innspelsfrist. Vedtaket blei annonsert i VTB og på kommunens heimeside, og det opna både for høyringssvar til planprogramforslaget, og for innspel direkte til planarbeidet.

Innan fristen (med noko fristutsetjing) kom det ni høyringsuttalar. I hovudsak er desse innspel til sjølv planarbeidet, men tolka litt vidt, kan også alle sjåast på som høyringsuttalar til planprogrammet. Alle innspels-/høyringsuttalebrev ligg som vedlegg til saka her. Det blir ikkje laga noko samandrag av innhaldet, men i vurderings-avsnittet blir uttalane som går direkte på innhaldet i planprogrammet punktvis kommentert, og der det blir konkludert med om uttalen fører til endring av planprogrammet eller ikkje.

Etter at planprogramforslaget var sendt ut, men før uttalefristen, blei det oppdaga ein fakta-feil; På side 7 i punkt 6.1 er det opplyst at rimelegaste løysing, alternativ C av Statens veg-vesen er kalkulert til 91 mill. kr. Rett sum er derimot 55 mill. kr. Denne summen (55 mill kr) står også i vedlegget "Utredning Tveitsund bru" frå vegvesenet, noko kommunen gjorde høyringspartane merksame på i brev av 16.05.22.

Eit planprogram er kort fortalt ein "disposisjon for planen", der det blir lagt føringar/rammer for korleis planarbeidet skal gjennomførast. Det er innhaldet i det som skal bli det fastsette planprogrammet, kommunestyret skal ta stilling til i denne saka.

### **Vurdering:**

Forslaget til planprogram bør vere sjølvforklarande. Det blir derfor her i saksframstillinga ikkje gitt kommentarar til innhaldet utover at målsetjingane med planrulleringa er samanfatta i punkt 3 i planprogrammet, og slik kan lesast som eit samandrag av heile programmet.

Dei innkomne høyringsuttalane blir, avgrensa til punkt som går direkte på innhaldet i planprogrammet, kommentert og konkludert for slik:

#### *Nissedal Kristeleg Folkeparti*

Nissedal KrF rår til å velje alternativ D i val av brualternativ for ny Tveitsund bru. Torvmyra bør tilbakeførast til LNF-areral. Industri som ikkje må ligge sentrumsnært bør vurderast lagt til Langmoen.

Kommentar: Faktafeilen vedkomande den kalkulert rimelegaste bru-løysinga var uheldig.

Meldinga om feilen har derimot ikkje ført til korrigerande uttale frå Nissedal KrF.

Konklusjon: Uttalen blir tatt med vidare i planprosessen, men gir ikkje grunnlag for endring i planprogrammet.

#### *Kjell Asbjørn Solberg AS*

Firmaet minnar om opsjonsavtala med kommunen, jf. f-sak 032/17, om vidare utviding av firmaets areal med ytterlegare 20 dekar på Torvmyra.

Kommentar: Avtala må leggest til grunn ved avveginga av omregulering til LNF-areral og omfanget av dette.

Konklusjon: Uttalen blir tatt vidare i planprosessen, men gir ikkje grunnlag for endring i planprogrammet.

#### *Mattilsynet*

Mattilsynet ønsker at *Nasjonale mål for vann og helse*, vedteke av Regjeringa 22.mai 2014 og *Lov om folkehelse* blir agt til lista i punkt 4.1 over sentrale føringar for planarbeidet.

Konklusjon: Lista blir utvida slik Mattilsynet tilrår.

#### *Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark*

Statsforvaltaren saknar omtale av at FN's berekraftsmål skal ligge til grunn for arealplanlegginga. Dette må inn i planprogrammet. Til punktet i planprogrammet om konsekvensutgreiing (5 Utgreiingsprogram) etterlyser Statsforvaltaren særleg kva metodar som er tenkt nytta for å skaffe nødvendig kunnskap. Utgreiingstema for plasseringsvalet av ny Tveitsund bru er heller ikkje godt nok beskrive.

Kommentar: FN's berekraftsmål, særleg med omsyn til klimagassutslepp, natur, ressursbruk og forbruk bør takast inn i planprogrammet under føringar for planarbeidet. Det synest derimot unaturleg å sette krav til ei uttømande beskriving av metodebruk for alle typar avklarings- og endra arealbruk. Dette bør vurderast frå plass til plass. Det synest derfor ikkje aktuelt å ta dette inn i planprogrammet, men generelt kan det seiast at kommunen i tillegg til å støtte seg til eksisterande kunnskap frå t.d. nasjonale databasar og eige fagmiljø, vil måtte leige inn fagkompetanse innom nokre utgreiingstema. Dette vil særleg gjelde tema som kulturminne, naturverdiar, biologisk mangfald og landskapstilpassingar. Når Statsforvaltaren minner om at einaste tilrådde kartlegging av naturtypar på land i samband med konsekvensutgreiingar, er naturtypekartlegging etter Miljødirektoratets instruks (NiN-metoden), må vel også dette gjelde for Nissedal kommune?

Utan nærare utgreiing går derimot Statsforvaltaren langt i sjølv å førehandsprosedere utfallet av plasseringsvalet av ny Tveitsund bru. Grunngevinga i planprogrammet for ein nøyare gjennomgang av grunnlaget for tilrådinga frå Statens vegvesen var at Lisleåna ikkje har permanent vasstillførsel frå Nisser, og at det i lange periodar ikkje går vatn i det heile over stemmen her. Desse opplysingane har neppe blitt fanga opp, langt mindre forstått av Statsforvaltaren. Utsegna er derfor uheldig, og kan hindre ei fri drøfting av bru-alternativa. Konklusjon: FNs berekraftsmål vil bli lagt inn som overordna rammer og føringar for planarbeidet (punkt 4 i planprogrammet).

#### *Peter Holskar*

Peter Holskar ønsker også at andre alternativ enn dei som er nemnde som C og D for ny Tveitsund bru blir vurdert. Han peiker på fleire trafikale fordelar med eit alternativ nært opp til dagens bru, dvs plassering som i alternativ B i utgreiinga frå Statens vegvesen.

Kommentar: Kommunedirektøren ønsker ikkje å gå vidare med eit slikt alternativ, ut frå både negative lokale tilbakemeldingar, og at det truleg også er i strid med ferdingsvilkåra for Tveitsund bru av 1918.

Konklusjon: Uttalen gir ikkje grunnlag for endring i planprogrammet.

#### *Asbjørn og Nottov Homme*

Brødrene Homme opplyser at dei nå vurderer å selje sin del av nærings/industriområdet på Sundsmoen (28 dekar).

Kommentar: Arealet har heilt frå reguleringsplanvedtaket i 1983 lege som område for næring/industri. Det har såleis vore ein del av kommunens arealreserve til føremål for ny næringsetablering. Nåverande eller framtidige eigartilhøve har i så måte mindre å seie i høve til det totale behovet for avgang/tilgang av næringsareal.

Konklusjon: Uttalen blir tatt til vitande, men gir ikkje grunnlag for endring i planprogrammet.

#### *Vestfold og Telemark fylkeskommune*

Fylkeskommunen viser til statlege og regionale planar/runskriv/retteleiarar/meldingar som bør ligge til grunn for planarbeidet. KMDs rettleiar «Barn og unge i plan og byggesak», Stortingsmeldinga «Klimakur 2030» og «Regional klimaplan for Telemark 2019-2026» blir nemnd som aktuelle tillegg til punkt 4 i planprogrammet. Det blir tilrådd at kommunen har landskap som eige tema i konsekvensutgreiingane. Vidare blir det bedt om at planprogrammet tydelegare gjer greie for temaa kulturminne og kulturmiljø (kulturlandskap). Det må stå at ein i utgreiingsprogrammet skal vurdere om tiltaket påverkar kulturmiljøet eller kulturminnet. Også metodikken, slik fylkeskommunen omtalar den, må stå i planprogrammet.

Verknadene på influensområdet, dvs området som blir påverka av tiltaket, må også konsekvensutgreiast. Også dette må gå fram av planprogrammet.

Kommentar: Det vil vere naturleg å legge til dei nemnde dokumenta til det som i planprogrammet er opplista som overordna rammer og føringar for planarbeidet. At verknadene av tiltak skal vurderast for det som blir definert som influensområde, blir også tatt inn i planprogrammet. Landskap/landskapstilpassing er alt nemnd som utgreiingstema i planprogrammet. Det er også vanskeleg å forstå kvifor kommunen må presisere i planprogrammet at tiltaka skal vurderast mot verknadene desse har på kulturmiljøet eller kulturminnet. Det må vere innlysande at dette er føremålet med å ta med desse temaa i konsekvensutgreiinga. Tilsvarande det som er svara ut under Statsforvaltaren, synest ein detaljert omtale av metodebruk for registrering av kulturminneverdiar m.m. ikkje å vere heimehøyrande i planprogrammet.

Konklusjon: Dei nemnde dokumenta blir lagt til punktet om overordna rammer og føringar for planarbeidet. Under utgreiingstema «Kulturminne og kulturlandskap» blir det lagt til at verknadene av tiltaka også skal vurderast mot det som blir definert som influensområde.

#### *NVE*

NVE minner om oppdatert klimaprofil for Telemark fylke (?) frå april 2022 og statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. M.a. desse kunnskapsbasane forventast å ligge til grunn for planarbeidet.

Konklusjon: Dei nemnde dokumenta blir lagt til lista i punkt 4, *Overordna rammer og føringar for planarbeidet*, i planprogrammet.

#### *Statens vegvesen*

Statens vegvesen opplyser om rolla si i denne og liknande plansaker. Det er ikkje noko i høyringssvaret som konkret går på innhaldet i planprogrammet. Det er heller ikkje vist til utgreiinga vegvesenet sjølv har utarbeidd i samband med plasseringsalternativa for ny Tveitsund bru, eller gitt nokon omtale av dette temaet.

Kommentar: Kommunedirektøren er både overraska og skuffa over at det ikkje frå vegvesenet er respondert på opplysingane i planprogrammet der det blir stilt spørsmål ved føresetnadene for kostnadsalkylane i dei to bru-alternativa. Det vil vere avgjerande at vegvesenet som den viktigaste premisleverandøren for at det vil skje eit opplyst val mellom alternativa, gjer grundige undersøkingar også for kva som blir lagt som grunn-føresetnader.

Konklusjon: Uttalen gir ikkje grunnlag for endring i planprogrammet.

#### *Faktafeil*

Den omtala faktafeilen (kostnadsalkylen for rimelegaste bru-alternativ etter vegvesenets berekning i 2020) blir retta i planprogrammet. Har feilen ført til konklusjonar i høyringssvara som må korrigerast, vil det vere høve til det.

#### *Vidare framdrift*

Det er lagt opp til ein stram framdriftsplan. Det er likevel ønskjeleg med ein prosess som fører til endeleg vedtak i 2022. Ein stram framdriftsplan vil òg gjere det enklare å halde engasjementet oppe undervegs.

Møte med statlege og regionale høyringspartar i eit såkalla planforum vil ha høg prioritet, og bør haldast like over sommarferien.

Ope folkemøte bør haldast når kommunedirektøren har klar ei skisse til planforslag, men før forslaget blir vedtatt lagt ut til offentleg ettersyn/sendt på høyring.

#### **Kommunedirektørens tilråding:**

Nissedal kommunestyre fastsett i medhald av pbl § 11-13, som planprogram for rulleringa av kommunedelplanen for Treungen sentrum i 2022, det framlagte utkastet til planprogram, med dei endringane som er skissert i saksframstillinga.

Fastsett planprogram blir annonsert og lagt ut på kommunens heimeside.

#### **Saksprotokoll i Kommunestyret - 16.06.2022**

#### **Behandling:**

Marianne Vrålstad bad om å få sin habilitet vurdert.

Votering: samrøystes funne habil i saka.

Votering: samrøystes som tilråding.

#### **Vedtak:**

Nissedal kommunestyre fastsett i medhald av pbl § 11-13, som planprogram for rulleringa av kommunedelplanen for Treungen sentrum i 2022, det framlagte utkastet til planprogram, med dei endringane som er skissert i saksframstillinga.

Fastsett planprogram blir annonsert og lagt ut på kommunens heimeside.